

Til naboar og høyringsinstansar


Stord, 30.08.2024

**Melding om utvida av plangrense –
Detaljregulering for del av gnr. 205/42 og 49 m.fl. – Småbåtanlegg og Fritids-
bustad i Arnavik – Halsnøy, Kvinnherad kommune
Plan-ID 20220003**

I 2022 varsla KA Eiendomsinvest AS om oppstart av planarbeid for del av 205/42 og 49 m.fl. – Småbåtanlegg og fritidsbustad i Arnavik – Halsnøy (Planid 20220003). Føremålet med detaljreguleringsplanen er å klargjere verknader av ei etablering av småbåtanlegg med tilhørande tilkomstveg og naust/fellesbygg på gbnr. 205/49, samt parkering.

I samsvar med plan- og bygningslova vert det med dette meldt om utviding av plangrense for detaljreguleringa. Bakgrunn for endring av plangrensa er behov for å flytte parkering for småbåtanlegget til den eksisterande avkøyrsla lengst vest, samt å regulere inn siktsone for avkøyrsla. Dette gav ikkje den varsla plangrensa i 2022 rom for. Dagens plassering av parkeringsplassen på gbnr. 205/42 har vist seg å vanskeleggjere tilkomst til/frå kaiområdet og tilstrekkeleg snuareal. Den nye plasseringa av parkeringsplassen for småbåtanlegget er i tråd med eit tidlegare løyve frå 2014 (sak: 2014/586). Nytt planområde utgjer eit areal på ca. 13,4 daa og i høve til varsling i 2022 er området utvida med om lag 0,3 daa.

Det er berre plangrensa som er endra, der ein litt større del av gbnr. 205/2 og 205/33 er teke inn i planområdet. Figur under syner tidlegare varsla plangrense (blå linje) og endra plangrense (svart linje). Utvida planområde er i sørvest.



Saksdokument

Varsel om oppstart er tidlegare varsla i avis og brevs form i 2022. Etter avtale med kommunen er dette varselet sendt på avgrensa høyring til berørt grunneigar, tilgrensande naboar til der endringa er gjort, Statens vegvesen og vegeigar (Vestland fylkeskommune). Varselet vert annonsert i avisa Kvinnheringen 03.09.2024. Varselet ligg på kommunen og ABO si heimeside. Her kan ein også finne tidlegare varsel om oppstart. [arealplaner.no | 20220003](https://arealplaner.no/20220003) > [Planbehandlinger](#) eller <https://abo-ark.no/aktuelt/#reguleringsplaner>

Innspel

Moglege innspel og synspunkt til planarbeidet skal sendast skriftleg til:

ABO Plan & Arkitektur Stord AS, Postboks 32, 5401 Stord

Eller e-post: poststord@abo-ark.no / kari-hilde@abo-ark.no Innan høyringsfristen: **24.09.2024 (3 veker)**

Med vennleg helsing

ABO Plan & Arkitektur Stord AS

Kari Hilde Rommetveit

Vedlegg:

Justert plangrense, datert 30.08.2024